

INFORMASJON

Kyrkjebladet for VAKSDAL

75.ÅRG./ NR. 3 - 2021



Nynorsk bibel 100 år
Side 5

Olav Fykse Tveit
Side 6-7

Vegen-sidene
Side 8-10

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no
Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndago Rosvold
Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdaalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar: kr 250,-.

Annonsepris: kr 4,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: VaksdalPosten

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Bodoni AS, avd.

Hardanger, Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Bilete på framsida: Tre blåbærplukkarar under gudstenesta i Beinhelleren i august. Frå venstre: Signe, Selmer og Guro. Foto: Frøydis Gullbrå

Tankar inn i hausten...

Denne sumaren har eg hatt glede av å lese/høre på fleire bøker. Mellom anna har eg lese boka «Beyond order» av forfattaren Jordan B. Peterson. Denne til tider noko kontroversielle psykologen, professoren og forfattaren hadde sitt inntog i Norge når han var på TV-programmet Skavlan for nokre år sidan.

Eg har dei siste åra funne ut at det å lese bøker av kjente og ukjente forfattarar som har hatt som si arbeidskarar å samtale med menneske er veldig interessant. Dei har ofte eit unikt perspektiv på kvifor menneske handlar som dei gjer, kva gjer oss til dei individua me er? Eg tenker at når dei har brukt so mykje tid på å «sjå» inn i menneske sitt sinn og tanke, ofte dei mørke delane av det, kan dei ha lært noko på vegen.

I boka si snakkar Peterson mellom anna om at det å stikke seg ut ikkje er nokon særlig god ide. Altså de å seie å meine noko anna en fleirtalet i samfunnet. Han har eit bilet på dette som eg fann nytig. Kort gjenfortalt vert det som fylgjer: Når forskarane begynte å forske på flokkdyr i Afrika, i dette tilfellet Gnu, fekk dei eit problem. Dyra er så like at om du sit og ser på oppførselen til eit dyr, for so å notere ned noko i boka di, og ser opp igjen, er dyret forsvunne i flokken. Dette løyste forskarane ved å merke nokon av dyra med maling. På denne måten kunne dei fylja med på enkeltdyr sin oppførsel over tid. Men dette viste seg å ikkje være nokon veldig god ide, for løvene (som alltid føl tett på slike flokkar) jakta på og drap dei dyra som var merka. Av dette fann dei ut at løver ikkje berre tar dei svake og gamle, men også dei dyra som stikk seg ut frå flokken. Løvene treng å lett kunne skille ut enkeltindivid, slik at heile løveflokkene ser kven dei skal ta.

Dette bilde sei noko om kva me som menneske kan utsette oss for i det me tenkjer, meiner og sei noko som er annleis en kva fleirtalet meiner. Dei siste åra har samfunnsdebatten vorte markant meir polarisert, synes eg å merke. I staden for å komma fram til gode løysingar saman, verkar det som om det er viktigare å hakke på kvarandre. Eller kanskje endå meir, henge ut dei som ikkje meiner det same som fleirtalet. På den eine sidan vert det snakka i store ord om det å heie på mangfaldet og inkludere alle. Men når det ber til stykke er bevegelsesrommet ganske so trangt. Eller som ein sa til meg. «Det er ikkje problem å vera inkludert so lenge ein er samd med fleirtalet».

Det at for eksempel Twitter eller FaceBook stenger ute personar eller organisasjonar fordi dei er politisk eller på andre måtar kontroversielle er på mange måtar bekymringsfullt. Det er ikkje det at underteikna saknar Trump sine Twitter-meldingar, men eg er usikker på om Twitter skal kunne bestemme kva som er lov å sei. Det er jo ikkje akkurat snakk om eit demokratisk valt organ, eller ein domstol. Kooperasjonar med global og nesten ubegrensa makt, skal ein kanskje passe seg for.

Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjeverje

Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Leiarar i sokneråda:

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke, tlf. 91 34 03 64

Dale: Britth Kydland, tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik, tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 8. nov. 2021.



Hans nåde er større enn vår rettferd

«Så kom dei som var leigde omkring den ellevte timen, og fekk ein denar kvar. Då dei første kom venta dei å få meir; men dei fekk kvar sin denar, dei óg. Dei tok imot pengane, murra mot jordeigaren og sa: Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss som har slite og sveitta heile dagen! Han sa til ein av dei: Ven, eg gjer deg ikkje urett. Var vi ikkje samde om ein denar? Ta ditt og gå! Men eg vil gje han som kom sist, like mykje som deg. Har eg ikkje lov å gjera som eg vil med det som er mitt? Eller ser du med vonde auge på at eg er god?» Matt. 20. 9-15

Det er frå Jesu likning om arbeidarane i vingarden, eller frukthagen om du vil. Det er ei eksempelfortelling frå landbruket, der bonden treng å leige inn ekstrahjelp for innhaustinga slik som dei gjer med jordbærne på Lid i Bergsdalen. Det var snakk om ein stor og rik gard. Arbeidarane vart hanka inn på torget frå morgonen av og leidt for ein dag om gongen for ein avtala løn. Denne bonden gav dei ein denar, noko som var vanleg dagsløn på den tida. Mens dei fleste hyrde inn nok arbeidarar for heile dagen på morgonen, gjekk denne storbonden ut fleire gonger om dagen for å hyre fleire. Ja, sjølv når det berre var ein time att av arbeidsdagen. Det er det som skapar hovudpoenget i forteljinga. Dei hadde 12 timars arbeidsdag, og når løna skulle delast ut, fekk dei som var hyrt sist pengane først. Alle arbeidarane fekk same løna anten dei hadde arbeidd lite eller mykje.

Det var då dei som hadde stått i heile dagen frå morgonen murra. Dei tykte at dei måtte får meir enn dei som berre hadde arbeidd ein time. Det er vår rettferd, og eg kjenner meg att. Det er opp til arbeidsgjevar å auke løna. Hos oss skjer det gjerne gjennom forhandlingar gjennom fagfore-

ininga. Men løna skal stå i stil til arbeidets art og mengde. Men her er me ikkje i eit moderne lovregulert arbeidsrettsforhold. Dette er ei biletfortelling om korleis det er i Guds rike. Me har å gjøre med bonden som er i overmål snill med arbeidarane sine. Han er eit bilet på Gud Fader. Gud har ein stor frukthage, ja det er heile verda. Frukta er menneske som Herren sankar inn til den evige sæle. På ein måte er frukta og arbeidarane ein og same saka i denne likninga. Han får arbeidarar til å hauste av trea, og sjølv haustar han arbeidarar heile dagen. Når alle får likt, så er det for at i Guds rike finnест det ikkje mindre løn enn dagsløna. Det er Guds nåde. Det er frelsa. Trua er ei gave, og noko me arbeidar på. Då er ikkje dei som mottok trua seint i livet mindre verd enn dei som tok imot trua i barndommen og ungdomen. Den er ei velsigning sjølv om det å arbeidde i Guds rike kan vere strevsamt og krevjande. Men gleda er så mykje større. For det er ei nåde å få høyre til på laget. Ja, berre å vere der i gudshagen og hauste av dei sæle fruktene. Kvar frukt er eit stort guds under. No er det innhaustingstid og du skal og får vere med. Løna er ikkje etter om du er flink og rask. Den er meir enn alle fortener. For det er Guds kjærleik og nåde. Amen.

**Sokneprest
Edvard Bø**

Min salme

Det er så mange fine salmar, men det er ein som eg er ekstra glad i. Den seier så mykje om den fine naturen og skaparverket, Ein fin liten blome i skogen eg ser. Elles var det mange fine salmar me pugga på skulen. Dei er kanskje alltfor lite brukte no? Det kjem stadig nye som blir nytta i dag.

Nr 492 i Norsk salmebok

T: Ukjend svensk forfattar 1890

O: Anders Hovden 1927

M: Bjørn Eidsvåg 1969

1 Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.

2 Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøynd
der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.

3 Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.

4 Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.

5 Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar òg meg.


6 Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgen meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.

7 Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,
i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er,
den høver for vandringa her.

8 Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud!

9 Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong
i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!

**Gunvor Boge sender salmestafetten
vidare til Eli Kringlebotten.**



100 ÅR SIDAN BIBELEN KOM PÅ NYNORSK

I 1921 blei den aller første nynorske bibelen gitt ut. Dette er ei viktig hending i den norske språkhistoria, og vel verdt å feire. Før var Bibelen berre omsett til eit riksmål som låg tett til dansk.

Hundreårsjubileet for Fyrebilsbibelen har allereie blitt feira med ei rad arrangement ulike stader i landet, og sjølve hovudmarkeringa var i Nidaros domkyrkje helga 24.-25. juli.

Sjølv om det ikkje var Bibelselskapet, men Studentmållaget i Oslo, som sto bak den første bibelen til nynorsk, markerte denne bibelutgåva inngangen til det nynorske omsetningsarbeidet som Bibelselskapet seinare har stått for.

Første bibel på norsk

Allereie i 1891 hadde Det Norske Bibelselskapet gitt ut ei ny omsetjing av Det gamle testamentet frå den hebraiske grunnteksten, og ein hadde då flikka litt på dei nytestamentlege tekstane som hadde blitt omsett i 1871.

14 år seinare kom så heile Bibelen i ny språkdrakt til riksmål slik det såg ut medan vi framleis var i union med Sverige. Det skjedde før rettskri-

vingsreforma i 1907 - og språket var framleis til forveksling likt dansk.

- Derfor vil nokre hevde at den bibelen vi feirar i år ikkje berre var den første bibelen på nynorsk, men den første bibelen til norsk overhovudet, seier professor Anders Aschim ved Høgskolen i Innlandet. Saman med professor Per Halse ved Høgskulen i Volda har han skrive «*Den fyrste bibelen paa norsk - Historia om Fyrebilsbibelen*», som kjem ut i haust.

Utgåva blir omtalt som Fyrebilsbibelen og fekk dette tilnamnet fordi omsetjinga var meint å vere førebels. Denne Bibelen fekk likevel eit langt liv med eit opplag på 100 000, og han har vore viktig for mange forfattarar lenge etter at det kom nyare omsetjingar til nynorsk.

Å få på plass ein nynorsk bibel var ei storhending i samtida og ein viktig millepåle i arbeidet for å gjere nynorsk til eit samfunnsberande språk. Historia

om den første nynorskbibelen blir ekstra imponerande av di arbeidet blei leia av studentar i Studentmållaget i Oslo
- 100-årsjubileet for Fyrebilsbibelen - Nynorsk kultursentrum

«Premieren» for Fyrebilsbibelen i 1921 fall saman med jubileumsgudsstenesta for Noregs Ungdomslag i Nidarosdomen 10. juli, fortel Aschim. Nokre dagar seinare, fredag 15. juli, var den nye bibelomsetjinga til sals hos bokhandlarane. Den påminninga blei gitt i avisas Gula Tidend, der heile førstesida denne dagen var sett av til saka. Overskrifta dekte heile breidda av førstesida: «*Den fyrste bibelen på norsk - i handelen fraa i dag*».

Er det nokon i Vaksdal som har den Bibelen som kom i 1921? Ta kontakt!

Kjelde: Bibelselskapet
Les gjerne meir om Nynorskbibelen
på www.bibel.no

EG HADDE EIN GOD BARND

Olav Fykse Tveit budde på Dale i nokre av sin fyrste leveår. Han er fødd i 1960, og budde på Dale i åra 1962-68. Faren - Einar Tveit - var prest her, og Olav budde såleis i det som har vore prestebustaden på Dale i snart 70 år.

I oktober vitjar han heimstaden, og vert med på eit arrangement torsdag 7. oktober, og på gudstenesta i Dale kyrkje søndag 10. oktober.

Olav Fykse Tveit er no preses i Den norske kyrkja, og det vil seie at han er den leiane biskopen i bispekollegiet. Han bur på Ås, er biskop knytt til Nidarosdomen og Trondheim og har difor ein del av arbeidet sitt der, men mest i Oslo med nasjonal-kyrkjelege oppgåver.

Som ei «oppvarming» til vitjinga hans har me hatt ein liten prat med han.

Hugsar du noko frå tida på Dale?

- Veldig mykje! Både av folk, hendingar og stader. Og eg hadde jo min fyrste skuledag på Dale. Eg hadde mange gode venner, og hugsar godt at det var trist å reise frå Dale då eg var sju og eit halvt år. På skulen var me både klassekameratar og leikekameratar. Me hadde ein stor grad av fridom då me var ute og leika. Men me hadde samstundes streng beskjed om å passe oss for veggen, jernbanen og elva. Og for eit sandtak der det var mykje vatn - og som eg ein gong held på å drukne i.

Søndagsskulen i Forsamlingshuset, med Bjarne Thaule som lærar, er og noko Olav hugsar. - Det var kjekt å kome dit om søndagane. Olav fortel at han og var med faren på jobb i kyrkja somme gonger. - Eg hugsar det var eit stort rom, med det store altarbilete av nattverden og eit stort orgel. Det var spanande å vere der - sjølv om eg nok sovna nokre gonger innimellom. Eg hadde ein god barndom på Dale!

Korleis tenkjer du at oppveksten på Dale har forma deg og gjorde deg til den du er?



Olav og kona Anna, som og blir med til Dale. (Foto: Privat)

- Me hadde mykje fridom i barndomen, og kunne sjølv finne ut kva me skulle leike så lenge det ikkje var farleg. Den fridomen trur eg gjorde at me vart sjølvstendige og tok ansvar. Og så lærte eg å snakke på Dale. Dialekten heldt eg på, jamvel då me budde i Trøndelag. Der var eg på eit vis tospråkleg, og snakke trøndersk ute og Dale-dialekt heime. Jo, språket og kulturen på Dale vart ein del av meg.

- At Dale var eit arbeidarsamfunn har og fylgd meg, og eg ser i ettertid at eg skjønar meir av livet i slike industristader ut frå røynsla mi på Dale. Folk var stolte av fabrikken og det dei produserte der. Og alle var avhengige av at fabrikken gjekk godt og at dei

i lokalsamfunnet tok ansvar for han.

Olav fortel at det å vere ein kristen var ein del av livsforståinga hans som barn.

- Eg vart døypt då eg var to månader, og difor er eg kristen. Trua var ein naturleg del av heimen, og å vere kristen var slik me var. I tenåra reflekterte eg meir over trua. Og etter ein leir ei påske fekk eg eit meir medvite forhold til henne. På den leiren tok eg jamvel imot nattverd for fyrste gongen.

Familien flytta til Gol i konfirmasjonstida hans, og deltaking i et kristne skulelaget og ungdomsforeininga gjorde og at han vart meir medviten på trua si. - Trua er og påverka av at me heime hadde mykje be-

OM PÅ DALE!



søk av prestar, misjonærar og emissærar, og at eg slik fekk mange impulsar. Olav vart fødd på Børmlø, og koma altså til Dale det året han var to år. Seinare budde dei i Åfjord i Trøndelag, og så på Gol.

Du vart prest, slik som faren din?

- Det var ikkje opplagt at eg skulle bli prest. Faren min frårådde meg jamvel å bli det viss ikkje eg var heilt overtydd om at det var rett for meg. Planen var å bli lege, men i tida som eittåring i Skulelaget vart eg oppmuntra til å bli prest. Etter kvart vart eg overtydd om at det var den vegen eg skulle ta. Litt usikker var eg rett nok somme tider underveis, men to ting gjorde at heldt fram. Den eine var at kyrkja trengte

prestar. Dette gjorde at eg kjende på eit kall til å bli prest. Det andre var at eg kjende eg var med i eit fellesskap der trua var boren fram til menneske og kyrka, og at nokon skulle bere dette vidare. - Og eg har fått kjenne på at å vere prest er både ei meiningsfull og viktig oppgåve.

Olav starta si teneste som prest i Haram på Sunnmøre, der han vart vigsla til prest 9. oktober 1988. Han har seinare hatt ulike oppgåver i kyrkja sentralt. Dei siste ti åra før han vart preses i Den norske kyrkja var han generalsekretær i Kirkenes Verdensråd, og hadde kontor i Geneve.

Tekst: Frode Kvamsøe

MØT OLAV FYKSE TVEIT

**Torsdag 7. oktober kl. 19.00
i Kultursalen i Dale skule**

Mimrekveld for dei som var born på Dale på 60-talet – og for alle andre som vil møte Olav.

Song av Kordial.
Høve til å prate saman.
Ta gjerne med biletar frå Dale på 60-talet, anten det er i fotoalbum eller digitalt.
Kontakt gjerne Frode Kvamsøe (90196514) viss du har noko program du vil bidra med.
Enkel servering.

**Søndag 10. oktober kl. 11.00
i Dale kyrkje**
Gudsteneste, med preik av Olav Fykse Tveit.
Song av Dale Mannskor.
Nattverd. Kyrkjekaffi.



Fra fyrste skuledagen, i 1967. Frå venstre: Kurt Johannessen, Olav Fykse Tveit og Sven Per Lønne. (Foto: Kurt Johannessen)




Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



BÅTTUR TIL KVAMSHOLMEN

Laurdag 28.august var 18 kjekke 12- og 13-åringar på båttur til Kvamsholmen i Veafjorden. Turen arrangerte me ilag med dyktige Skutefolket, som driftar Brørvikaskuta. Brørvikaskuta må reparerast før den kan brukast meir, men "Olabåten" var ein god erstatning! På holmen fekk me servert pølser og brus, i tillegg til at me blant anna fiska, blei meir kjende, utforska holmen og naustet, høyrde på ein fiskehistorie frå Bibelen, og fekk vita meir om kva Skutefolket gjør. Me let bileta tala for seg, og takkar gjengen for turen!





Kva skjer på VEGEN framover?

FRÅ 1. SEPTEMBER

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust vert det baby- og småbornssong for born 0-2 år i **kyrkja på Dale mandagar klokka 12 og i kyrkja på Vaksdal onsdagar klokka 12**. Stort sett kvar veke, med nokre unntak. Me startar opp onsdag 1. september i Dale kyrkje først, og heldt fram ut november månad. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.

0-2 år



FRÅ 1. SEPTEMBER

Knøttesong på for born Dale og Vaksdal

Knøttesong vert i haust vekselvis på Dale og på Vaksdal. I partalsveker er det på Dale, mandagar klokka 17-18, medan det i oddetalsveker er på Vaksdal, onsdagar klokka 17-18. Fylg med på «vegen i Vaksdal» - sida, eller facebooksida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon/evt endringar. Knøttesong er eit naturleg «framhald» for dei som har vore på baby- og småbornssong, og liknar mykje i formen. På slutten av samlinga, legg me til rette for at dei som vil kan eta litt, me har kaffi/te og vatn.

2-5 år

Barnekor på Stamnes

Det vert òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Datoane der er ikkje heilt på plass endå, men interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info. Dei brukar å ha korøving torsdagar kl 17-18.

4+ år

12. SEPTEMBER:

Familiegudsteneste med songstund og bokutdeling i Eksingedalen

I Eksingedalen kyrkje vert det familiegudsteneste med songstund og utdeling av bok til seksåringane, 12.september kl. 15-16. Etterpå er det kyrkjekaffi.

0-100 år

Baby- og småbornssong på Stamnes

Me ynskjer å få til baby- og småbornssong på Stamnes i haust, men har ikkje bestemt heilt tidspunkt endå. Fylg med på heimesidene våre, og på facebooksida «Vegen i Vaksdal» for oppdatert informasjon.

0-5 år

14. NOVEMBER

Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

10 år



Tiåringane på Stamnes og Vaksdal skal få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta den 14. november klokka 16, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 14. november klokka 11.

14. NOVEMBER

Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

4 år



Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Stamnes 14.november kl. 16, Vaksdal 14. november kl.11, Dale 14. november kl. 16.



Tankar frå trusopplæraren

Så er hausten i gong. Og kvarda-gane. Og rutinene. Nokre rutiner er annleis enn før, der både hand-sprit og avstand er nøkkelord. Det er vel berre å belaga seg på at det kjem til å vera slik ei god stund til. Eg har gjeve opp å håpa på snarleg endring, sjølv om det «normale livet» skal vere like om hjørnet. Har liksom hørt det før. Eg får heller tenkja at dette er «den nye normalen». Og så er det noko med å hugsa på at endringar ofte kan føra positive ting med seg òg. Nye moglegheiter. Å bli «tvinga» til å tenkja nytt og alternativt, kan føra til at ein lærer noko og utviklar seg. Så lenge «hovudrammene» er trygge, trur eg at ein taklar endrin-gar ganske godt.

Og kva er hovudrammene? Eg ten-

kjer det kan handla om ein grun-nleggjande indre tryggleik. Kjensla av at ein er elskar, at ein ikkje er aleine, at noko er stabilt sjølv om mykje er i rørsle. Det er det viktige me foreldre kan gje borna våre. Visa dei på ulike måtar at dei er elskar, ta dei på alvor når dei snakkar, vera til stades i det som skjer. Me må ikkje kunna fiksa alt, eller ha alle svara. Av og til heldt det å berre vera nær. Halda rundt.

For å klara dette, treng me den roen og dei trygge rammene me ynskjer å gje borna våre. Eg trur Gud kan vera med og gje oss den. Han er glad i oss slik vi er. Han går aldri frå oss. Og Han veit ofte kva me treng, når me ikkje veit det sjølv. Eg veit det høyrest rart ut,



men eg merkar i alle fall sjølv at når eg bed, når eg klarar å tru på at eg så verdifull som Gud seier at eg er, med alle mine feil og manglar, så veks eg. Så vert eg eit betre menneske, og klarar mykje betre å sjå og vera til stades for borna og andre rundt meg. Så enkelt, og så vanskeleg.

PS: Du òg har lov til å tru det. At du er veldig, veldig verdifull. For det er sant!



KONFIRMAN[†] 2021

Siste søndag i august var årets konfirmantar samla for siste gong. Då var det Ung Messe i Dale kyrkje, ei gudsteneste som tidlegare vart kalla samtalegudsteneste eller overhøyringsgudsteneste.

Konfirmantane var med på drama, bøner og praktiske oppgåver før og under gudstenesta.

Og organist Ruben sytte for heftig orgel-rock, saman med ein bassist og trommeslagar.

På bilete ser me to konfirmantar som spela Jesus og lærersveinen Tomas i ei bibelforteljing frå påska.

KONFIRMANTEN I EIDLSDAL KAPELL 28. AUGUST



Frå venstre:
Trusopplærar i Modalen
Antje Michelau-Meyn,
Jaron Elias Meyn, sokneprest
Frode Kvamsøe.
(Foto: Kristi V. Kvamsøe)

KONSERTAR

Dale kyrkje
Laurdag 2. oktober
kl. 16.00
RUBEN GJERTSEN
Orgelkonsert

Vaksdal kyrkje
Laurdag 30. oktober
kl. 16.00
RUBEN GJERTSEN
Orgelkonsert

Vaksdal kyrkje
Torsdag 11. november
kl. 19.00
ENSEMBLE CURRENTES
Middelaldermesse

IMPROVISERT MIDDLEALDER!

Torsdag 11. november framfører ensemblet Currentes en middelaldermesse i Vaksdal kirke. Til messens faste ledd (ordinarieledd) spiller ensemblet italienske og franske komposisjoner fra rundt år 1400, perioden kalt Ars Nova. Musikken til alle messens bevægelige ledd (de såkalte proprialeddene) blir tonesatt med komposisjoner og improvisasjoner av ensemblets musikere. Konserten er derfor en unik opplevelse, med flerstement musikk som ikke framføres igjen i samme versjon.

Currentes er spesialisert på middelaldermusikk, ny musikk og improvisasjon i ulike stiler. Ensemblet har urframført musikk av flere nålevende komponister, blant dem Ruben S. Gjertsen. De



har også samarbeidet med ham og komponisten Alwynne Pritchard om utvikling av nye former for improvisasjon som del av et forskningsprosjekt ved Universitetet i Bergen. I det samme forskningsprosjektet viet Currentes mye tid

til improvisasjon i middelalderstiler, og har siden framført messer med improviserte ledd på konserter for Festspillene i Bergen, og på konserter i Danmark, Finland, Frankrike og Tyskland.

FLEIRE PRESTAR FRÅ VAKSDAL!

I 2018 hadde Kyrkjebladet ei oppslag om at det var fleire prestar frå Vaksdal enn Håkon Kinsarvik som vart ordinert det året. Me var ikkje sikre på at me hadde fått me alle som skulle vore med, og her skal de få møte to til! Den tredje, Olav Fykse Tveit, kan du lese intervju med ein anna stad i bladet.



(Foto frå 2013: Dag Vaula)

Audun Tang (98, snart 99)

Audun er fødd på Dale, budde på det dåverande Hotellet sine første fem år. Familien flytta så til Fana.

Utdanninga som prest tok han på ved Menighetsfakultetet i Oslo, og han vart vigsla i Bergen domkirke 6. september 1953.

Han arbeidde i Santalmisjonen (no Normisjon) i åra 1953-58, fleire av åra som krissekretær i Bjørgvin. Så var han i Batak-kirken i Sumatra i 11 år. Frå 1970 til 1989 arbeidde han som sjukehusprest og lærar på Haraldsplass diakonale sjukehus i Bergen. Han vart så pensjonist, men hadde oppdrag som vikarprest fram til 2003. Sidan har han vore pensjonist på heiltid.



(Foto: Privat)

Harald Nordtug Tveit (64)

Harald budde i Holhovden på Dale i åra 1957-62, frå han var $\frac{1}{2}$ år til $5\frac{1}{2}$ år, og gjekk i barnehagen hos Tante Liss. Faren var lege her, og familien flytta etterpå til Bergen.

På den tida var Nicolai Lien prest på Dale, fortel han. - Eg fekk eit spesielt forhold til han. Han gav meg nokre bibelbøker med bilde, og med helsing frå «onkel Nic». Så han var eit forbilde for meg i den alderen, eg tenkte då at eg skulle bli prest. Eg trur ikkje det var det som til slutt avgjorde valet mitt, men det er ein del av bakgrunnen.

Han er utdanna ved Misjonshøgskulen i Stavanger, og vart vigsla til prest i juni 1982.

Harald var først feltprest, og så misjonær i Mali i åra 1984 til 96. Der leia han mellom anna arbeidet med å omsetje Nytestamentet til lokale språk. Harald var først feltprest, og så misjonær i Mali i åra 1984 til 96. Der leia han mellom anna arbeidet med å omsetje Nytestamentet til lokale språk. Sidan 1996 har han vore prest i Steinkjær, og var mellom anna med å omsetje Bibelen på nynorsk som kom for 10 år sidan.

HAR ME FÅTT MED ALLE? VISS DU VEIT OM FLEIRE MÅ DU MELDA IFRÅ TIL OSS!

SLEKTTERS GANG



DØYPTE

Stamnes

27.06 Ariel Stamnes Espeland

Vaksdal

06.06 Malin Skånvik Rikstad
01.08 Tobias Norekvål Pahlm
15.08 Hannah Alise Berge Vedå



VIGDE

Vaksdal

29.08 Karin Eliassen og Rune Kernes



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Bergsdalen

12.08 Knut Olav Berge **1936**

Dale

10.07 Reidar Emil Lyngmo **1927**
18.07 Wenche Seim **1934**
27.07 Sigfrid Helle **1928**
09.08 Kjellaug Stürtzel **1926**

Vaksdal

11.06 Erling Langhelle **1931**
16.06 Johannes Vaksdal **1947**
14.07 Karl Einar Herfindal **1934**

SKUTLÅBERG VIKAR FOR BØ I HAUST

Sokneprest Edvard Bø vil ha studiepermisjon deler av haustsemesteret. Det er fra siste halvleik av september til og med første halvleik av november. I denne tida vil Jostein Skutlåberg vere vikar. Han er pensjonert prest busett i Øystese. Han vil gå inn og gjøre førefallande arbeid med gudstenester, gravferder, konfirmantar og liknande. Nokon vil hugse at han gjorde teneste hos oss for nokre år sidan då Frode Kvamsøe hadde sin studiepermisjon.



DET SKJER I BEDEHUSA:

Vaksdal bedehus

Alle møta er kl. 11.00

Det er søndagsskule kl. 11.30

12.09.: Tale v/Ole-Jørgen Storsæter

03.10.: Tale v/Marit Andersen

24.10.: Tale v/Reidun Skurtveit

21.11.: Tale v/Odd Sverre Hov

Dale bedehus

Laurdag 30. oktober kl. 16.00

Basar. Tale v/Asle Hetlebakke

Onsdag 10. november kl. 19.00

Møte v/Ole Corneliusen

Stanghelle bedehus

Onsdag 15. september 19.00

Møte ved Christian Skoge

Onsdag 6. oktober 19.00

Møte ved Reidun Skurtveit

Laurdag 23. oktober 16.00

Basar. Tale ved Leiv Nesheim

Laurdag 20. og søndag 21. nov.

Bibelhelg ved Odd Sverre Hove

Møtene byrjar kl. 18.00



DEN NORSKE KYRKJA
Vaksdal kyrkjelag fellesråd

**Døype barnet
- eller bli døypt sjølv?
Ver velkommen
til dåp!
Ta gjerne kontakt
med oss.**

ETTERMIDDAGS-KAFFE på Flatekval

Laurdag 11. september kl. 15.00

Då inviterer soknerådet alle interesserte til ettermiddagskaffe i sakristiet i Eksingedalen kyrkje. Vi får der høre gamle Eksingedøler fortelje. På slutten av 1950-talet og byrjinga av 1960-åra gjorde Magne Vetlejord og Ivar Vetlejord opptak med Eksingedøler som fortel på lydband om livet slik det var før. Rune Nesheim har tatt vare på dei gamle lydbanda og har fått dei digitalisert. Nokon av desse opptaka kan vi få høre over ein kopp kaffe med noko å bite denne laurdagen. Det vert sikkert mykje interssant å prate om. Dette er eit uformelt treff der soknerådet i Eksingedalen sokn nyttar sakristiet i kyrkja som møterom for å samle unge og gamle. Alle er velkomne!

Soknerådet syter for skyss for dei som treng det.

Ring mobil 918 87 825.

Arrangementet er gratis.

KONSERT

Nesheim kyrkje

Laurdag 6. november kl. 19.00

Som i fjor arrangerer soknerådet ein lun haustkonsert på Nesheim.

Det blir innslag frå lokale talent og nokre musikarar utanbygds frå også.

Hald av datoен og følg med på www.eksingedalen.no eller Facebook-sida til Nesheim kyrkje for oppdateringar. Inntektene går til skulen Kely Mandresy på Madagaskar.



Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



GRAVMINNEN



Udstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikarteneester.

Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no

IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll


Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34



Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



DALETEC

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ Ditt lokale gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL ALLTID HÉR FOR deg

DØGNVAKT: 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i
Elvavegen 1, Dalekvam

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.




VIPPS
Bergsdalen sokn 552521
Dale Sokn 525329
Eksingedalen sokn 706003
Nesheim sokn 548798
Stamnes sokn 524776
Vaksdal kyrkje 137194
Vegen / Trusopplæringa 514111
Kyrkjeleg fellesråd 94073



**KYRKJELYDANE I
VAKSDAL PÅ FACEBOOK:**

- Vegen i Vaksdal (trusopplæringa)
- Babysong, Småbornssong og Knøttesong i Vaksdal
- Kyrkjene i Vaksdal
- Bergsdalen kyrkje
- Nesheim kyrkje
- Dale Ving





VELKOMEN TIL KYRKJA

Laurdag 11. september

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 12. september - 16. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

EKSINGEDEALN KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste. Audestad og Kvamsøe. Utdeling av bok til 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Søndag 19. september - 17. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe. Bø. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane i soknet. Kyrkjekaffi.

Søndag 26. september - 18. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe. Kvamsøe. Nattverd.
Presentasjon av konfirmantane i soknet.

Søndag 3. oktober - 19. søndag i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste, Skutlaberg. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Søndag 10. oktober - 20. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe og Fykse Tveit.
Nattverd. Song av Dale Mannskor. Kyrkjekaffi.

Søndag 17. oktober - 21. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum. Bø. Nattverd.

Søndag 24. oktober - 22. sønd. i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum.
Kvamsøe. Nattverd.

EKSINGEDEALN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Kyrkjekaffi

Søndag 31. oktober - Bots- og bønedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00
Bots- og bønedagsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi

Søndag 7. november - Helgemessesøndag

DALE KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste. Kvamsøe. Kyrkjekaffi

Søndag 14. november - 25.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Audestad og Skutlaberg. Nattverd. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Audestad og Skutlaberg. Nattverd.. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

Søndag 21. november – Domssøndag/Kristi kongedag
Ingen gudstenester i Vaksdal

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.vaksdal.kyrkja.no for eventuelle endringar.

Dåp: For tida har me eigne dåpsgudstenester. Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss de ynskjer dåp.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsom

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no